



MOTTATT

25 JAN 2016

Helse Vest RHF  
Att. Årstad, Hanne Løvereide

Vår ref: (oppgje ved kontakt)  
2015/4189 - 2397/2016

Dykkar ref.:

Saksbeh.:  
May Helen Vik/Bård Eikeset

FØRDE,  
22.01.2016

## Høring- Forskrift om styringssystem i helse - og omsorgstjenesten

Vi viser til høyringsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet av 30.10.15, med frist for tilbakemelding 1. februar 2016. Vidare til brev frå Helse Vest med for tilbakemelding 22. januar 2016. Høyringsbrevet gjeld ny forskrift om styringssystemer i helse- og omsorgstjenesten.

Helse Førde støttar framlagde forslag til ny forskrift, som erstattar tidlegare «forskrift om internkontroll i helse og omsorgstjenesten», og hovudlinjene i denne. Med Følgjande kommentarar:

☐ Namnet på ny forskrift bør ta i seg omgrepet «kvalitet». Dette vil tydeleggjer samanhengane mellom nasjonalt-, regionalt- og lokalt systematisk kvalitetsarbeid i helsetenesta og styringssystema, samt samanhengar mellom kvalitetssystem kjent frå ISO-standardar og nytta styringssystem i helseføretaka. Det vil og kunne vere med på å løfte spørsmål i debatten om innhaldet i omgrepet «kvalitet» innanfor helsetenester.

Ny forskrift bør heite: «Forskrift om kvalitets- og styringsstem i helse- og omsorgstjenesten».

☐ Helse Førde støttar tydeleggjeringa av overordna ansvar for verksemda, som for øvrig er i tråd med endringar i ISO-standardar om kvalitetssystem. (Td 9001: 2015 Ledelsessystemer for kvalitet). Det vil også bistå til å klargjere samanhengar og grenseflater mellom ansvar for overordna kvalitetssystem og operasjonell interkontroll ute i organisasjonen, jf utfordringsbilete skildra i høyringsnotatet kapittel 2, side 4 «Behov for ny forskrift».

☐ Vidare støttar vi ny oppbygging av forskrifta med fasestruktur - planlegging, gjennomføring evaluering - osv. Dette framhevar planleggings- og riskikoperspektivet i kvalitetsarbeid (systematisk og forebyggjande). Også evaluering, og dermed organisasjonslæring, vil få eit tydlegare fokus med denne oppbygginga. Ein finn parallellar med tilsvarande fasestrukturar i andre lovverk og standardar, td. arbeidsmiljøforskriftene til arbeidsmiljølova <http://www.arbeidstilsynet.no/artikkel.html?tid=233238>) og ISO-standardar/Demings sirkel, slik at dette vil bidra til ein betre heilskap også mellom ulike lovverks- og kravsstrukturar.

Ein følge er at ikkje berre helseføretaka sjølve, men også eksterne partar, td. offentlege tilsynsmynde, vil kunne sjå samanhengar i strukturar på tvers av ulike tilsynsområder.

☐ Omgrepet «medarbeidar» vil gje eit meir moderne/mindre hierarkisk preg enn dei tradisjonelle omgrepa «arbeidstakar», «arbeidsgjevar», «arbeidsgjevar representant» osv. Samstundes er dette eit anna omgrep enn det som vert nytta i anna lovverk knytt til internkontroll og kvalitetssystem. Vi viser særskilt til arbeidsmiljølovverket og HMS-internkontroll der ein framleis nyttar tradisjonelle omgrep som «arbeidstakar», «arbeidsgjevar» mv. Evt. samordningsansvar er også konkret skildra. Ved eventuell innføring av nytt omgrep «medarbeidar», må innhaldet i dette omgrepet vere avklart sett opp mot omgrepa i desse andre regelverksstrukturane, og



sett opp mot ulike typer ansvar (rettar og plikter) knytt til internkontroll og rolle i verksemda.

Ved spørsmål om modell for sertifisering av kvalitetssystem ser Helse Førde «Modell 2» som det beste alternativet. Her er lagt vekt på fordelane med denne modellen som er: omsyn til tilstrekkeleg kompetanse, likehandsaming, uavhengighet, bransjekunnskap, samt tilpassa revisjonsmetode knytt direkte til forskriftssystematikken. Modell 1 og 3 ivaretek i mindre grad desse omsyna.

Med helsing

May Helen Vik  
Avdelingssjef

Bård Eikeset  
føretaksjurist